

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest  
 Avdeling: Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 14/529-1

## Tildeling av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - FTU-midlar 2014

### Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 “Midlar til gjennomføring av tiltak i samband med trafikktryggingsaktivitetar 2014 vert fordelt slik:

FTU	36.000,-
Norsk pensjonistforbund Sogn og Fjordane	45.000,-
Høyanger vidaregåande skule	14.500,-
Stryn vidaregåande skule	25.000,-
Hyllestad kommune	10.000,-
Luster vidaregåande skule	4.000,-
Øyrane vidaregåande skule	25.000,-
Sogndal vidaregåande skule	22.000,-
Trygg Trafikk	130.000,-
Eid vidaregåande skule	25.000,-
KF Innvandrarsenteret Florø	10.000,-
Dale vidaregåande skule	3.000,-
Motorførenes Avholdsforbund, avd. Sandane	45.000,-
Måløy vidaregåande skule	25.500,-
Firda vidaregåande skule	25.000,-
Sogn og Fjordane Fotballkrets	70.000,-
Leikanger Skyttarlag	15.000,-
Sogn Cykleklubb	35.000,-
Hornindal frivilligsentral	15.000,-
Sogn regionråd	120.000,-
	<b>700.000,-</b>

- 2 Tiltak som får løyving av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar – FTU-midlar 2014, skal ferdigmeldast snarast etter at tiltaka er avslutta - seinast 30. november 2014.
- 3 Ferdigmeldinga skal innehalde spesifisert rekneskap for tiltaka og ei oppsummering av gjennomføringa.
- 4 Midlar som ikkje vert nytta går attende til fylkeskommunen.

Vedlegg:

Innstilling - oversikt for tiltak  
Instruks for forvaltning av FTU-midler

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Innkommne søknader

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Bakgrunn**Bakgrunn for at saka er reist

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i år løyvt kroner 700.000,- til gjennomføring av tiltak i samband med trafikktryggingsaktivitetar 2014.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av tilskotet til lag og organisasjonar. FTU prioriterer òg delar av midlane til eigne tiltak for trafikktryggingsarbeidet i fylket. Som sekretariat for FTU har Statens vegvesen teke imot søknadene om tilskot.

Tilskotsordninga vart gjort kjent gjennom annonse i avisene i fylke og utlagt på Fylkeskommunen si heimeside, med søknadsfrist 13. desember 2013.

Søknader

Det ligg føre 20 godkjende søknader. Samla kostnader for alle søknadane er på om lag 1.5 mill. kroner.

Innstilling

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling på kroner 700.000,-. Av dette går 664.000,- kroner som tilskot til tiltak i skular, lag og organisasjonar, og 36.000,- kroner til budsjetterte utgifter for FTU.

Andre opplysningar

Ein av søknadane stettar ikkje krava for tilskot av FTU-midler og er ikkje innstilt med tilskot. Søknaden gjeld eit stort fysisk tiltak på veg og høyrer inn under tilskotsordninga Trafikktrygging i kommunane (TIK-midler) - tilskotsordninga som vert koordinert av kommunane.

**3. Konklusjon/tilråding**

Fylkesdirektøren sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding om at FTU-midlane vert tildelte i samsvar med innstillinga.